

Finn Borgen Førsund
Florø, den 2.11.2012

Kommentar til Flora-soga, band 1, av Gaute Losnegård

(Eit munnleg innlegg gjort om til skriftleg kortform)

Generelt om teksten i boka:

Mitt vurderingsgrunnlag er kun manus, korrigert tekst, ikkje ferdig bok. Den ferdige boka er i praktboksjangeren. Lokalhistorie i slik bokbunad er noko nytt. Det blir spanande å sjå kva mottaking boka får.

I dette bindet flyt teksten fint, gir god formidling, ein tekst for ålmenta. Forfattaren er ein god forteljar. Det er ikkje enkelt å skrive historisk sakprosa, som er bygd opp på vidt ulike kjelder. For historikaren gjeld Forkynnaren si erfaring: - Skrivninga leitar hardt på kroppen.

Teksten vitnar om solid fagleg handverk. Mykje grundig kjeldarbeid. God handtering av stoffet frå skapelsens tid til bydanninga i 1860.

DEL 1

Eitkvart om geologien er vanlegvis eit lausrive kapittel i allmennsogesjangeren. Slike lausrivne geologitekstar meiner eg ikkje har noko i ei allmennsoge å gjere. Eg kjenner ikkje til opphavet, men dette er ein lang tradisjon.

Men i Florasoga er geologien gjort relevant, til å forklare fjellformasjonar, lokal topografi, jordsmonnet på ulike stader, som t.d. på Svanøya, osv. Vi finn og geologisk forklaring på grunnlaget for oljeutvinninga, som på Snorrefeltet, som har stor økonomisk verdi for kommunen.

Det er elles ei OK drøfting av ulike havnivå og isbreane sine verknader på landskapsutforminga. Lurer du på korleis *kinnaklova* er blitt til, finn du også dette forklart i Del 1.

Omsider møter vi dei første menneska det finst spor etter i området. Spora er registrerte og tolka av arkeologane. Forfattaren maktar å gi ei god og til dels levande skildring av steinaldersamfunna i området.

Folk og sagatradisjon på 800-talet er det og funne plass til i denne boka. Det er etter mitt syn på tide at faghistorikarar gjer ein kritisk bruk av sagaforteljingane i si historieskriving. Desse har altfor leng blitt bortstabilia som frodige eventyr, og nærast bannlyste av faghistorikarane dei siste 100 åra. Dette til stor skade for folks interesse og kunnskap om vår eldste historie. Det er på tide å kombinere sagatekst og arkeologi i denne eldste tidsbolken. Det vil vere ei utfordring for fylkessoga å finne ut meir om lokale hovdingar mfl. på 800-talet. Kvifor ikkje granske Egils-sagaen kritisk, kombinere den med relevant arkeologisk materiale, og dermed kanskje kaste nytt lys på fylkets eldste historie. For dette er helst ei utfordring til fylkessogearbeidet, og ikkje nokon kritikk av Flora-soga.

DEL 2 1000 – 1520

I denne perioden fokuserer forfatteren på dei to nye trendane i mellomaldersamfunnet, rikssamlinga og kristninga. Medan den første kan ha regional interesse for Sogn, (var Harald Hårfagre sogning?), kan kristninga ha større interesse for kysten til fylket. Flora ligg midt i eit område med kring 30 store steinkrossar mellom Kvitsøy og Stad. Desse monumentale kristne symbola markerer eit kristen område, forklarar forskarane. Teorien er at såkalla mikroområde utgjorde kristningas første fase her til lands. Det er tenkbart at lokale, nykristna hovdingar stod bak. Krossen på Svanøya med sine runer, er datert kring 1000 år attende.

Den største krossen av dei alle er Korssundkrossen. Den er 4 m høg, og er resultat av eit avansert handverk. Geologane fastslår at krossen er henta ut av berget i Hyllestad, der kvernsteinhogging føregjekk på den tida. Det er utruleg at den smekre steinkonstruksjonen har stått slik i 1000 år.

Elles Ikkje mykje konkret å finne i Flora frå mellomalderen. Ein person er nemnd Kolbein frå Batalden. Han fekk eit dramatisk endelikt. Kvifor ikkje skrive om Berle-Kåre. Ein frodig figur med dramatiske innslag i livet, han var ein stor berserk, skriv Snorre.. Ein berserk i Flora-soga ville ha gjort seg, sjølv om han hørde til grannekommunen i nord. Er det så nøye med grensene...

Del 3 1520 – 1800

Her er utgreiing om garddrydding og folkevekst i fokus, etter herjingane til Svartedauden og andre pestepidemiar etter 1350. Elles har forfatteren funne rom for detaljert framstilling om skattetrykket på 1600-talet. Men kva seier desse opplysningane? Kanskje forfatteren burde ha supplert med fleire prisar i samtida for å illustrere skattetyngsla. Ein detalj krev ofte fleire for å bli meiningsfull i teksten. For å illustrere verdiar i fortida, som kan vere forståelege for det moderne menneske, kan verdien på ei ku vere grei å gripe til. Men heller ikkje ei ku er alltid ei ku. Ei ku i vår tid mjølkar åleine det same som to besetningar på 1700-talet.

Del 5 1800 – 1860

Her er vårsilda i fokus. Det har sin grunn i at silda var grunnlaget for skipinga av Florø i 1860. I dette hovudkapitlet serverer forfatteren ei solid og massiv opprulling av kjeldeseriar, som i mangt minner om Per Sandal sitt massive verk om Gloppen og Breim. Stoffet her er så omfattande at Atle Døssland skreiv i ei melding at knapt ein utedass var oversett i tekst eller foto. Om florasoga 1800 – 1860 kan det sameleis seiast: knapt eit innsig av vårsilda er utegløynd.

Vårsildfisket i Flora er omstendeleg presentert. Men rosina i pølsa godt gøymt: I oppsynslege Greve sin rapport omtalar han det forhold at ein fiskar kunne tene like mykje på eit par veker, som han gjorde på eit heilt år:

Sitat frå Greve sin rapport:

- Sildefisket tænker han (dvs fiskaren) paa og taler han om hele Aaret rundt, og hvad han i det foregaaende Aar vandt af Erfaring og Midler, anvendes paa næste Aars Udrustning (...)
Såleis hadde vårsildfiskeet eit fasinerande drag på folk i samtida, der fiskaren kvart år hadde ny sjanse til rikdom.

Om å setje det lokale inn i ein større samanheng: tidvis ei utfordring for lokalhistorikaren, då det enten kan bli for mykje eller for lite av overordna tekstar. Her følgjer to døme:

Sitat

1. Kring midten av 1800-talet var det stadig fleire som skifta ut den gamle røykomnen med ein nymotens *kokeomn*, ikkje minst etter at Bergen fekk sitt eige jernstøypereri som tok til å produsere slike i 1845.
2. I 1850-åra gjekk det på nytt ei vekkingørsløse over landet som utfordra det autoriserte presteskapet, med universitetsprofessor Gisle Johnson i brodden som predikant og folketalar. Dei tok no til å skipe *indremisjonsforeiningar* som arbeidde for vekking og sosialt ansvar blant kyrkja sine eigne medlemmer. Det første indremisjonslaget i Sunnfjord vart skipa i 1865 av folk frå Bremanger, Kinn og Vevring. Dette er gode døme på å setje det lokale inn i ein større samanheng, med opplysende og korte tekstar.

Florø by

Florø vart etablert med eit vedtak i Stortinget i 1860. Lokaliteten var ei aude strand. Saman med dårlege fiskeri dei neste tiåra, fekk byen langt frå nokon pangstart.

I Indre Sogn var det i 1860 vakse fram tre tettstader utan politiske vedtak. Det galdt Vikøyri, Sogndalsfjøra og Lærdalsøyri, den siste med byplanar frå 1840-talet, og kjend marknadsplass frå sist på 1500-talet. Det var den største tettstaden i fylket då Florø vart etablert.

Desse sentra syner eit særdrag med SFj – tyngda av busetnaden var inst i fjordane, i motsetning til resten av Sør-Norge, der byane ligg langs kysten. Etableringa av Florø på kysten til Sogn og Fjordane skulle bøte på dette.

Tyngda av busetnaden i indre strokvar eit særdrag alt i mellomalderen, Lusakaupangen, ein av få ”byar” i landet. I mellomalderen, i Kaupanger.

Noko som kunne ha vore meir drøfta i Flora-boka er den låge urbaniseringsgrad i SFj. (4 pst i 1875) Med andre vestlandsfylke, (Hordaland og Rogaland 25 pst, og Møre og Romsdal under 20 pst). Norgesrekord i spreidd busetnad fram til vår tid, er eit hefte ved moderniseringa som har gjort SFj til taparfylket i moderne tid. Nok eit tema for fylkeshistoria.